

Referat frå styremøte i FolkOrg fredag 26. mai 2023

Styremedlemer: Hilde Reitan (leiar), Camilla Granlien (nestleiar), Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad, Lene Furuli, Anders Lunden Herfoss (1.vara), Liv Annette Nygjerdet (representant for dei tilsette)

Meldt forfall: Tormod Kleiveland

Frå administrasjonen: Konstituert dagleg leiar Kristian Hanto, Ann Helen Erichsen (sak 49 og 50), Live Visdal (sak 51 og 52) og Liv Annette Nygjerdet (sak 53)

Tid: Fredag 26.5.2023 kl. 10.00-15.15

Stad: Møllergata 39 i Oslo, 8. et.

Styresak 2023/45 **Innkalling og sakliste**

Vedtak: *Innkalling og sakliste er godkjent. Kristian Hanto er permittert frå vervet som nestleiar i styret i den tida han er konstituert dagleg leiar.*

Styresak 2023/46 **Rapport, orienteringar og referatsaker**

a) Driftsrapport

Vedtak: *Driftsrapporten er tatt til orientering.*

b) Rekneskapsrapport

Vedtak: *Rekneskapsrapporten er tatt til orientering.*

c) Orienterings- og referatsaker

- Det er 55 søkjarar til Showcase Scotland.

- Camilla Granlien representerte FolkOrg på årsmøtet i Stiftinga Hilmar Aleksandersen

Vedtak: *Orienterings- og referatsakene er tatt til orientering.*

Styresak 2023/47 **Instruks for og arbeidsdeling mellom styret, AU og dagleg leiar. Rutinar og teieplikt. Forventningar til styrearbeidet.**

Vedtak: *Instruksar, arbeidsdeling og gjeldande rutinar er tatt til orientering. Neste landsmøte bør ha godtgjeringsstatsane for styremedlemmer til vurdering. Overordna sak om arbeidsområde og organisering av arbeidet i styret blir sett opp som sak i neste styremøte.*

Styresak 2023/48 **Evaluering av landsmøtet. Oppfølging av landsmøtevedtak.**

Vedtak: *Evaluering av landsmøtet og drøfting av oppfølging blir tatt med i det vidare arbeidet. Oppsummeringane frå gruppearbeidet på*

landsmøtet er med og dannar grunnlag for eiga sak om framtida til magasinet Folkemusikk i neste styremøte.

Styresak 2023/49 100-årsjubileum – status.

Vedtak: *Oppdateringa om jubileet er tatt til orientering. Styret vedtar følgjande tittel på jubileumsantologien: «Songen, dansen og spelet». Styret har følgjande innspel til undertittel: «Om norsk folkemusikk og folkedans». Styret vil ikkje ha jubileumslogo eller jubileumsformulering på framsida, og ber om at val av framsideillustrasjon blir så tidlaust som råd. Styret ber om å bli halden oppdatert om endeleg utforming.*

Styresak 2023/50 Folkelarm 2023 – status.

Vedtak: *Oppdateringa er tatt til orientering.*

Styresak 2023/51 Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023 – Oppdatering

Vedtak: *Oppdateringa er tatt til orientering. Styret vil at tilskiparane skal vurdere ordningar for å redusere kostnader for barnefamiljar, særleg i matvegen. Styret vil at FolkOrg skal undersøkje alternative måtar LK og LF kan oppnå statsstøtte på.*

Styresak 2023/52 Tildeling av LK og LF

Vedtak:

- 1) Oppdal Spell- og dansarlag blir tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 2025.*
- 2) Vågå Trekkspelklubb blir tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 2026*
- 3) Vågå spel- og dansarlag blir tildelt Landskappleiken i 2027*
- 4) Landskappleiken i 2026 blir lyst ut på nytt og behandla i neste styremøte*

Styresak 2023/53 Reglar for presseakkreditering på LK og LF

Vedtak: *Vedlagde "Retningsliner for akkreditering av presse på arrangementa til FolkOrg" skal gjelde for arrangementa til FolkOrg. Retningslinene vert publisert på nettsidene til FolkOrg saman med skjema for søknad om presseakkreditering.*

Styresak 2023/54 Spørsmål om sal av NFD-domenet

Vedtak: *Saka er utsett til seinare.*

Styresak 2023/55 Møteplan for styret hausten 2023

Vedtak:

Styremøte 2023/7 er lagt til 21.-22. september i Oslo.

Styremøte 2023/8 er lagt til 1. desember i Oslo.

Styresak 2023/56 Ymse

- a) FolkOrg blir representert ved styreleiar og andre i styret som har høve ved bisettinga av Sven Nyhus 7. juni.
- b) Styreleiaren representerer FolkOrg på Kalottspel i august.